
Referent: Bjørn Snorre Waage og Ingunn Bårtvedt Skjerdal
Dato 25.03.2022

Emne:	Referat frå regionalt planforum 08.03.2022 - planprogram KPA - Eidfjord kommune	
Til stades:	Geir Underhaug	Rådmann
	Anders Vatle	Ordførar
	Rebecka Friis	Rådgjevar arealplan
	Louise Pettersen	Ass. Einingsleiar, Drift & Forvaltning
	Anne Kommedal	Rådgjevar arealplan
	Gabriella Fure Briceño	Direktoratet for mineralforvaltning
	Fredrik Arnesen	Statsforvaltaren kommunalavdeling
	Anniken Friis	Statsforvaltaren miljø
	Åshild Hjørnevik Vatshelle	Statsforvaltaren landbruk
	Sivert Faye	Statens vegvesen
	Toralf Otnes	NVE
	Aase Midtgaard Skrede	Statens kartverk
	Eva Katrine R. Taule	VLFK- SUD- PKF Fagleiar plan
	Ingunn B. Skjerdal	VLFK- SUD- PKF Koordinator planforum
	Snorre Waage	VLFK- SUD- PKF Kommunekontakt
	Gunhild Raddum	VLFK-MOK transportplan
	Anders Søyland	VLFK-KII idrett og friluftsliv
	Eva Sundal	VLFK-INV forvaltning Vestland
	Vilde G. Holtmoen	VLFK-INV Ytre-miljø koordinator
	Ingeborg Klokkersund Djupevåg	VLFK- SUD- PKF Klima
	Else-Marie Brobakke Aarø	VLFK- SUD- PKF Folkehelse
Grete Kathrine Jacobsen	VLFK-INN – verdiskaping	
Tore Slinning	VLFK-KII-kulturarv	
Gunnbjørg Austrheim	VLFK-KII-kulturarv	
Forfall:		Sak: 2022/4000 - 10
Møtetid:	08.03.2022 kl 10-12	Møtestad: Digitalt på teams

Møteleiar: Eva Katrine R. Taule.

Referenter Bjørn Snorre Waage og Ingunn Bårtvedt Skjerdal

Introduksjonsrunde – rundt bordet

Kommunen presenterer

v/ einingsleiar og ordførar

- Lenge sidan førre KPA vart utarbeida, så det er høg tid for rullering.
- Går gjennom tema som er spela inn for gjennomgang i planforum. Det er ei rekke større tema som kjem i dette planforslaget sidan det er lenge sidan førre KPA vart rullert
- Følger planstrategien

Diskusjonsrunde:

av 6

- Statsforvaltaren i Vestland– Føringar frå KPS som vil følges opp i KPA:
 - Mange av temaa som tas opp er relevante i KPS, som til dømes hyttebygging – strategiane knytt til hyttebygging, infrastruktur, næring etc. Ønskjer fokus på tydelegare kopling mellom samfunnsdelen og KPA.
 - Svar: Planstrategien har vedtatt å jobbe med KPA, og kommunen må du ta utgangspunkt i eksisterande KPS. KPS er noko nyere enn gjeldande KPA.

- Vestland fylkeskommune, v/ Plan, klima og folkehelse (PKF)

Det anbefalast at det vert utarbeida arealstrategiar for arbeidet. Det kan være til stor hjelp når ein får inn innspel til arealtiltak i KPA-prosessen. Da er det godt å ha silingskriterier, basert på arealstrategiar.

 - Svar: Stor politisk semje knytt til at eksisterande KPS var tilfredsstillande som grunnlag for KPA, og at ein skal nytte eksisterande mål i KPS. Kommunen kan likevel vurdere korleis ein inkluderar/utviklar arealstrategiar i planprogrammet før vedtak.

- Statsforvaltaren i Vestland:
 - KDP for naturmangfald er under arbeid, noko som er positivt. Ein rådar til at denne planen ferdigstillast før KPA vert utarbeida, vil fungere som eit viktig kunnskapsgrunnlag. Det bør nevnas i planprogrammet for KPA. Kor langt er KDP Naturmangfald kommet, og korleis ser ein for seg relasjonen?
 - Svar: Planforslaget har vore til handsaming i formannskapet. Manglar ein mindre del i den innleiande delen før den kjem på høyring, no på vårparten. Planen er at ein får eit vedtak slik at dette vert eit kunnskapsgrunnlag inn i arbeidet med KPA. Forventar ferdig plan til sommaren.
 - Svar: Eidfjord grensar mot Viken fylke. Hol kommune og Eidfjord kommune har KDP for naturmangfald no, og begge er i prosess på planprogram for KPA. Er felles interesser som går på tvers av fylkesgrenser. Har planforum nokre tankar rundt dette?
 - Fylkeskommunen: Regional plan for Hardangervidda er både ein administrativ og politiske arena for samarbeid på tvers av fylkesgrensa. Dialog på tvers av kommune/fylkesgrensa er positivt.
 - Positivt med arealrekneskap
 - Tatt til orientering
 - Saknar henvisningar til rammar og lovverk, som td. Pbl, nml, m.m
 - Tatt til orientering
 - Fritidsbustader: Det er ein ny rettleiar på veg, som vert viktig å nytte i arbeidet med KPA.
 - Tatt til orientering

- Vestland fylkeskommune, PKF:

Det er eit juridisk krav til Konsekvensutgreiing for KPA, og at utgreiingsprogram er inkludert i planprogrammet. Eit kapittel om dette må verte innarbeidd i planprogram før det kan sendast på høyring.

- Vestland fylkeskommune, Næring: Det er eit kortfatta og tilgjengeleg planprogram, men saknar Regional plan for innovasjon og næring under regionale føringar. Fint om denne vert lagt til på regionale føringar

- Direktoratet for mineralforvaltning

Kommunen har ein del mineralar. Viktig at areal som vert avsett ikkje kjem i konflikt med uttak, eller potensielle uttaksområde. Vi anbefalar at det vert avsett areal for med råstoffutvinning der det er aktuelt. Overskotsmassar bør nyttast til samfunnsnyttige formål, og ein bør leggje til rette for dette på KPA nivå. (arealstrategi?)

○ Svar: Nokre av dei aktuelle områda er i nærleiken av hytteområde, og her kan det vere potensiale for interessekonfliktar. Dette er noko kommunen vil sjå på i KPA. Det er lagt lite vekt på i gjeldande KPA, og vi ser difor føre oss at dette er noko vi må ha eit større fokus på i denne utarbeidinga av KPA.

- Vestland fylkeskommune, Friluftsliv:

- Friluftslivets ferdselsårer kunne man gjerne inkludert. Nasjonal målsetting at alle kommunar skal gjere dette arbeidet, og vil vere eit viktig kunnskapsgrunnlag til KPA.

- Svar: Kommunen har ein vedteken sti- og løypeplan, men vi ser at dette er noko vi må ta føre oss som del av arbeidet med KPA, både sommar som vinter. Dette er eit tema som vi må sjå meir på, knytt til aukande fritidsbustadmasse. Vi noterer oss dette som eit viktig tema.

- Regional sti- og løypeplan (Hardangerviddaplanen) vert ein del av KPA.

- Regional plan for Hardangervidda – kommunen vil inkludere føringar i regional plan i ny KPA.

- Vestland fylkeskommune: Understrekar viktigheita at kommunen implementerer gjeldande føringar i nyleg vedteken Regional plan for Hardangervidda i arbeidet med KPA og i kommuneplanen sine eigne føresegn.

- Vestland fylkeskommune, Kultur:

Vi går gjennom alle områder når forslag kjem i kart. Vi har utarbeida diverse standard forslag til retningslinjer, som vi vil sende over til kommunen omgåande, som kommunen kan nytte om dei ønskjer dette.

- Svar: takk, veldig gjerne.

- Vestland fylkeskommune, Kultur:

Vi stiller gjerne i temagrupper dersom ein skal ha arbeidsgrupper som tek for seg til dømes retningslinjer/føresegn som omhandlar kulturminne/kulturmiljø.

- Stølsområde: ønskjer temagruppe på dette, og fylkeskommunen bidreg gjerne i denne også. Når ein diskuterer stølsområde, er det også naturleg å studere forvaltningsplanen for Hardangervidda, denne må inkluderast i ramane for KPA. Øystein Monsen er kontaktperson på dette i Fylkeskommunen, naturleg å kople på han i dette arbeidet.

- Svar: Dette er ein tematikk som ikkje er tydeleg nok i dagens KPA. Det er eit viktig tema for mange i kommunen, og vi tek gjerne ein tett dialog med Fylkeskommunen på dette arbeidet.

Ytre Bu – ny del av kommunen. Viktig å kople på museumstenesta.

Kontaktinformasjon kan ein få via Fylkeskommunen.

- Svar: Kommunen vil sjå heile Bu som eitt samla område i vidare planprosess.

Eidfjord Sentrum som ein del av strandsona?

- Svar: Dette er ikkje eit hovudtema for kommunen i planarbeidet. Lite tilgjengeleg byggjeland i nedre Eidfjord, og vi har mykje skredfare og kulturminne. Vi må ta utgangspunkt i bebyggelege areal. Noko av dette ligg tett på sjø i nedre sentrum.

- Oppfølgande svar, Kultur: Fylket har ein eige by- og tettstadgruppe som gjerne bidreg inn i dette arbeidet.

KULA (Kulturhistoriske landskap) – korleis handtere kommunen dette i KPA? (Viktig også å nytte Askeladden-basen).


- Svar: Kommunen har to store av desse i KULA-områda i kommunen, og desse skal inkluderast i arbeidet med KPA. Er allereie ein del av kommunens kulturminneplan.

- Oppfølgande kommentar, kultur VLFK: sjølv om det er strekar på kartet betyr ikkje det nødvendigvis at ingenting er lov å gjere. I KULA-område er det store tiltak som skal til for at KULA vert sterkt påverka. Her er det eit stort handlingsrom. Viktig å utvikle gode kartlag i KPA-arbeidet.

NVE:

av 6

Tussafoten – NGU jobbar med å kartlegge ustabile fjell. Tussafoten er risikokartlagd, og det er store konsekvensar ved ras – høgrisikoobjekt. 1-100 og 1-1000 knytt til akseptkriterier etter TEK. NVE vil ferdigstille eit sanntids overvakingssystem her i løpet av 2022. Det bør utarbeidast eit beredskapsplanverk i kommunen knytt til Tussafoten. NVE deler faresonekart, og kommunen vil få tilgang til dette. Tussafoten vil ikkje ha betydning for busetnadi nedre Eidfjord.



I gjeldande regelverk finnes det ikkje moglegheiter for unntak for byggeforbud jf. Faresonekart over. Det er spelt inn framlegg til endring av dette til DIBK og departementet at det ved døgntkontinuerleg overvaking, og tilstrekkelege beredskapsplanar bør vere unntak på same måte som for sekundærverknadar av fjellskred jf §7.4 i teknisk forskrift). Endringar kan kome, men pt. må kommunen ha omsynssone knytt til markert areal. Her kan kommunen ha direkte dialog med NVE knytt til oppfølging av denne problemstillinga. Kommunen ønskjer veldig gjerne vidare direkte dialog med NVE knytt til Øvre Eidfjord og risikobiletet knytt til Tussafoten.

Silingskriterier og utgreiingsprogram må inn i planprogrammet for KPA (jf. Tidlegare innspel om KU). NVE vil spele inn behov for silingskriteriar, og at ein må nytte *trygge* areal, halde god avstand til vassdrag. Det er viktig å gjere greie for kunnskapsgrunnlag for utgreiingane. Påpeike kva kunnskapsgrunnlag som må utarbeidast. Eidfjord er relativt bra kartlagt, men har utdatert flaumsonekart, NVE vil gjere nye flaumberekningar r i løpet av året. Oppdatering av flaumsonekart vil ta noko meir tid. Enkelte kommunar har leigd inn konsulentar til å gjere denne oppdateringa sjølv. Om Eidfjord vil gjere dette anbefaler NVE kommunen å vente med dette til etter NVEs oppdataringar er gjort (i løpet av våren 2022).

Kommunen bør nytte aktsemdkarta til NVE. Kvikkleire er også ein problemstilling for Eidfjord kommune, og må vere ein del av kommunen si ros-analyse. Skredfare i strandsone er også ein viktig problemstilling. Bruk våre rettleiarar.

NVE tar gjerne i mot invitasjon dersom kommunen ønsker ein vidare direkte dialog på korleis ein føl opp dette arbeidet vidare. Set gjerne av ein dag til å kunne gå gjennom detaljane meir konkret med kommunen.

Kommunen v/ ordførar henvedner seg til Fylkeskommunen med ei utfordring om å bidra til endringar i Teknisk forskrift. (TEK); Kan fylket sjå på dette i eit regional perspektiv, og ta tak i dette administrativt.

Svar PKF; kan sjå på det og kome attende til dette) EKT: Kjenner ikkje til noen slike prosesser, ingen av våre avdelingar som jobbar konkret med desse avklaringane. Dette bør evt løftas politisk.

Hardangervidda-tunnelane: Kommunen ønskjer attendemelding på dette. Korleis planlegge rundt dette?


○ SVV – KVV er enno ikkje ferdig, vanskelig å si for mye om dette per no. Det er mye usikkerheit, men om ein vil ha dette inn allereie no, så kan ein ta utgangspunkt i det som ligg i forslag til KVV.

- Ordførar: Tenkjer det kan vere ein god idé å opprette dialog med Hol kommune knytt til dette, slik at ein får ein felles tilnærming, både på kommunalt nivå, og frå SVV si side.

- SVV – vi kan ta en direkte dialog, og få samordna knytt opp mot SVV dialog med Hol kommune. Statens vegvesen må koordinere ein dialog på dette.

○ HV-Tunnelar og Villrein

Fylkeskommunen: Viktige trekk-korridorar er mellom anna nedteikna i Regional plan for Hardangervidda. Desse er markert knytt til RV7. Om kommunen ønskjer det, er det mogleg å gå i ytterlegare dialog, og mellom anna inkludere Villreinsenter Sør, for ytterlegare presiseringar. Som det også vart nemnd er lengde på eventuelle tunnelar av vesentleg betydning. Topografiske høve, og ikkje minst anna forstyrning i eit potensielt trekkområde/tunnel-lokalisering vil og påvirke om ein tunell vil kunne få ein ønska effekt knytt til redusert barriere-effekt frå trafikk. Det er et fornuftig spor å ha dialog med Hol kommune knytt til dette.



- Statsforvaltaren, Landbruk:

Positivt at kommunen tek inn FN sine berekraftsmål

Arealrekneskap er veldig bra, og dette må vere eit «løpande» arealrekneskap. Det er viktig å ta vare på dei jordbruksareala ein har, og særleg i eit overordna risikobilde er det svært viktig å ta vare på tilgjengeleg matjord. Som del av KPA er det viktig å styre unna matjord, bør vere eit av silingskriteria. Kommunen bør fokusere på fortetting, både mtp bustader, næring og fritidsbustader. Kommunen bør ha eit særleg fokus på karbonrike areal, som til dømes myr.

Basert på nasjonal jordvernmål – har Eidfjord ca 1 dekar å omdisponere kvart år. Kommunen bør sette seg tydelege jordvernmål. Fylkeskommunen er i gong med regionalt jordvernmål, og Rogaland har allereie utarbeida dette. Kjem rettleiar på dette til hausten.

Hardangervidda er ein viktig beiteressurs både for lokale og utombygds sauebønder. Gode beitelagsstrukturar, mange dyr på beite i Eidfjord. Dette er det viktig at kommunen tek omsyn til i samband med KPA.

av 6

Samferdsle: Kommunen kan stille vilkår til utbygger om evt. omdisponering av matjord. Her kan ein sjå til rettleingsmateriell utarbeida av Alver kommune. [Lenke til meir informasjon her.](#)

Vi oppfordrar til at det vert gjort prinsippvedtak på konkret jordvernmål, matjordmassehandtering og beiteressursar.

- Statsforvaltaren, knytt til vassdrag:

Arealbruk knytt til anadrome vassdrag. Oppdrettsannlegg vil kunne påverke dei anadrome vassdraga. Statsforvaltaren vil vere skeptisk til eventuelle akvakulturtiltak. Statsforvaltaren opplyser at forslag til forskrift om regulering av akvakultur i Hardangerfjorden i si tid var på høyring, men vart aldri vedteke. Det vart seinare oppretta genbank for villaksen i Hardangerfjorden, og trafikkløssystemet har kome på plass som eit verktøy for forvaltninga.

- Fylkeskommunen v/ PKF:

Arealrekneskap: Dette er veldig positivt, men det står lite om klima i planprogrammet. Dette kan evt. koplust til arealrekneskap, og til dømes ha eit særleg fokus på karbonrike areal. Fylkeskommunen inviterer kommunen til å ta kontakt for vidare dialog på dette.

Vidare prosess:

Kommunen skal no ha eit møte med politisk styringsgruppe – og ønskjer høyringsvedtak formannskapet i April, med påfølgande høyring i Mai månad.

Fylkeskommunen gjentar behovet for å inkludere arbeidet med KU i planprogrammet.

Takk for møtet!

Vedlegg

- 1 Bestillingsskjema planforum Eidfjord kommune
- 2 Utkast til planprogram
- 3 Oversikt kommune
- 4 Møtedokument - regionalt planforum 08.03